

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 29.05.2014
Frå: Administrerende direktør Jannicke Daae Tønjum
Sakshandsamar: Fagdirektør Øystein Torgauten
Saka gjeld: **Risikovurdering per 1. tertial 2014**

Styresak 39/14 (B)

Styremøte 10.06.2014

Forslag til vedtak

Styret tek risikorapport og tiltak per 1. tertial 2014 og til etterretning.

Fakta

Status i første tertial er:

Styringsmål 1 «Tal på skader som kan unngåast i helsetenesta..» har uendra risiko, men syner noko positiv utvikling.

Styringsmål 2 «Tilpassing til ESA-krav..»: Utreiingsprosjektet er vedteke i Helse Vest, organisert og tildelt ressursar. Gjennomføring planlagt i mai-juni. Risiko redusert.

Styringsmål 3 «SAV har kompetanse og kapasitet som er naudsynt..» har uendra risiko, men syner noko positiv utvikling.

Styringsmål 4: «SAV har kvalitet i alle prosessar» har uendra høg risiko. Overordna ansvar og modell for styring er fastlagt, men arbeid med verdiskapingsprosessane startar først i mai og vil gå ut året. Tempo og omfang i 2014 vert vurdere når erfaring frå modellering av dei første prosessane føreligg.

Risiko er knytt til realisering av gevinst ved betre dokumentering, effektivitet og lønsemd. Det er grunn til å streke under at drifta er forsvarleg i høve til lov og forskrifter.

Det er ikkje tatt inn nye risikomoment.

Konklusjon

Risiko er redusert i første tertial og alle delmål har risiko på eit nivå som kan handterast. Under Styringsmål 3 «SAV har kompetanse og kapasitet som er naudsynt for å løyse oppgåver» og Styringsmål 4: «SAV har kvalitet i alle prosessar» er det delelement med høg risiko, og der vært tiltak vert prioritert.

SAV vurderer løypande om ny risiko oppstår og treng handsaming.

Vedlegg 1: Risikomatrise per 1. tertial 2014